

# Spørsmål til ordføreren til spørjetimen

## 21.09.2016

Grunnarbeidet med det nye bustadfeltet i Elvaåsen på Frekhaug har begynt. I den samanheng er første del av turstien frå Elvavegen ned til Mjåtveitelva øydelagt, og det er for tida ikkje mogeleg å koma ned til Mjåtveitelva den vegen.

Stien er ein mykje brukt turveg, mellom anna for barnehagen når ein skal gå til Mjåtveitelva, Elvavika og Haltjohansvika. Den alternative vegen frå brua i Mjåtveitvegen er både lengre og ikkje minst meir utrygg, særleg i regnvør.

Det er eit sterkt ynskje om at turvegen frå Elvavegen, evt. med ein alternativ trasé i øvste delen, vert halden open også i utbyggingsfasen av det nye feltet.

Kan ordføreren svara på fylgjande spørsmål:

1. Er det nokon avtale mellom kommunen og utbyggjar om at turvegen skal vera tilgjengeleg i utbyggingsperioden? I tilfelle ja, kva seier avtalen, og kven fylgjer opp at ein avtale vert følgt?
2. Dersom det ikkje er nokon slik avtale, vil ordføreren ta initiativ overfor utbyggjar for om mogeleg koma fram til praktiske løysingar for å halda denne turvegen open?

Venleg helsing

Leiketun barnehage

v/ styrar Wenche H. Øpstebø